



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Myrkdalen Fjellheisar AS
v/Nils Akselberg
Pb 14
5701 VOSS

Vår dato: 22 OKT 2012
Vår ref.: 201204734-16 ki/saas
Arkiv: 313/062.J
Dykkar dato: 03.07.2012
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Silje Aakre Solheim
22 95 95 44

Myrkdalen Fjellheisar AS - Søknad om uttak av vatn frå Myrkdalselvi til snøproduksjon, Voss kommune, Hordaland

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei føreliggande uttalanene meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Myrkdalen Fjellheisar AS løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av vatn frå Myrkdalselvi til snøproduksjon. Løyvet blir gjeve på nærare fastsette vilkår.

Bakgrunn

NVE har motteke ein søknad frå Myrkdalen Fjellheisar AS, datert 03.07.2012, om løyve etter vassressurslova til å etablere eit vassuttak med kapasitet inntil 150 l/s i Myrkdalelva. Føremålet med vassuttaket er snøproduksjon i Voss fjellandsby.

Myrkdalen Fjellheisar etablerte i 2006/2007 eit snøproduksjonsanlegg med uttak i Feissgrovi, der maksimalt uttak er om lag 1900 l/min. Dette anlegget er i bruk kvar vinter med godt resultat. Omfanget av alpinanlegget har auka mykje dei seinare åra og med det aukar behovet for kunstsno. Spesielt i kalde vintrar erfarer ein at vassføringa i Feissgrovi minkar fort og ein må redusere uttaket for å oppretthalde minstevassføringa i elva. Dette har medført redusert kapasitet på snøkanonane. For å kunne utvikle alpinanlegget vidare og sikre snøkvalitet og sesonglengde er ein avhengig av uttak av vatn frå eit større vassdrag.

Det nye inntaket er planlagt i Myrkdalselvi i området under brua til Årmotslia skianlegg i Myrkdalen. Dette er om lag 200 m nedstraums samløpet med sideelva Feissgrovi der dagens inntak er plassert. Det skal ikkje etablerast noko form for terskel eller regulering av vasstand. Inntaket vert enkelt med eit nedgrave røyr ut i hølen fram til ein open neddykka betongkum. Frå inntaket går vatnet i lukka røyrssystem via to pumpestasjonar, fram til snøleggingsareala i alpinanlegget. På land vert det etablert eit bygg (om lag 30 m²) for grovsil og matepumper som løftar vatn opp til høgtrykkpumpestasjonen og ein trykksil. Høgtrykkpumpestasjonen skal plasserast på ca. kote 460 i eit allereie etablert bygg. Dette

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

bygget vil innehalde både pumpestasjonen, høgtrykkspumper og kompressorar. Ved hjelp av denne pumpestasjonen kan ein løfte vatn opp slik at ein kan produsere snø opp til ca. kote 860.

Etter skisesongen som normalt varer til 1. mai, vil smeltevatn renne via lokale dreneringssystem, overvassrøyr og bekkar fram til Myrkdalselvi. Vatnet vil renne attende i Myrkdalselvi innafor ei strekning på 700 m nedstraums uttakspunktet. Dette er oppstraums kloakkreinseanlegget til Voss Fjellandsby.

Uttak av vatn vil normalt vere i perioden frå slutten av oktober til byrjinga av desember. Det kan unntaksvis vere behov for noko snøproduksjon i januar. Fullt utbygd anlegg er dimensjonert for snølegging av løypene i løpet av om lag 300 timar.

Det er i dag veg fram til brua over Myrkdalselvi der inntaket er planlagt. Det kan bli aktuelt med noko forsterking av vegen i samband med etablering av inntaket.

Det er planlagt ei minstevassføring i Myrkdalselvi tilsvarande 5-persentilverdien for vinter på 197 l/s. NVE har ein målestasjon i Myrkdalsvatnet nedstraums planlagt inntak. Det har tidlegare vore ein målestasjon rett ved det planlagde inntaket. Det er tenkt å nytta data frå den nedlagte målestasjonen for å korrigere målingane frå Myrkdalsvatn. Regelmessige avlesingar frå Myrkdalsvatn vil på den måten kunne vise når vassføringa i Myrkdalselvi kjem ned mot minstevassføringkravet og ein kan stoppe produksjon av snø.

Myrkdalselvi er del av Vossavassdraget som er varig verna etter Verneplan III for vassdrag. Vassdraget er angitt som anbefalt typevassdrag og er del av eit variert og kontrastrikt landskap. Det er knytt stort naturmangfald til elveløpsformer, geomorfologi, botanikk, landfauna og vassfauna. Det finst store kulturminneverdiar knytt til vassdraget. Friluftsliv er viktig bruk.

Søknaden inneheld følgjande hovuddata frå vassdraget:

Vassuttak til snøproduksjon Myrkdalen Fjellheisar, hovuddata		
TILSIG		
Nedbørfelt	km ²	89,4
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	223
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	79
Middelvassføring	l/s	7072
Alminneleg lågvassføring	l/s	259
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	1073
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	197
VASSUTTAK		
Inntak	moh.	457
Magasinvolym	m ³	0
Uttak, maks	l/s	150
Planlagt minstevassføring, sommar	l/s	1073
Planlagt minstevassføring, vinter	l/s	197
Brukstid	Timar	300

Høringsuttalar

Søknaden er handsama etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter og interesseorganisasjonar, samt involverte partar for uttale.

NVE har motteke følgjande høringsuttalar til søknaden:

Hordaland fylkeskommune kom i brev av 31.08.2012 med følgjande uttale:

"Maksimalt vassuttak vil vere 150 l/s. Middelvassføringa i Myrdalselva er 70721/s. Ved produksjon vil ein sikre ei minstevassføring i elva tilsvarande 5%-persentilen.

Hordaland fylkeskommune vurderar søknaden til å ha små og akseptable effektar på naturmiljø."

Fylkesmannen i Hordaland uttalte følgjande i e-post av 02.10.2012:

"Fylkesmannen mener at tiltaket kan få konsesjon. Vi understreker at verneverdiene i influensområdet må ivaretas gjennom konsesjonsvilkår. Minstevannføringen må være minst like stor som foreslått i konsesjonssøknaden.

Vi viser til brev fra NVE datert 9. juli 2012 hvor Fylkesmannen blir bedt om å vurdere søknaden om konsesjon for vannuttak til snøproduksjon i Voss kommune. Etter avtale med NVE ble svarfristen satt til raskest mulig etter sluttbefaringen som fant sted den 27. september 2012.

Myrkdalen Fjellheisar AS ønsker å etablere vannuttak fra Myrkdalselvi til snøkanonanlegg i perioden oktober, november, desember og unntaksvis i januar månedene.

Dette begrunner de med at noen vintre kan bli for kalde til å kunne ta ut mer vann enn det minstevannføringen tillater fra Feissgrovi som er sideelv for Myrkdalselvi og alt i bruk for snøproduksjon.

Inntaket er tenkt nedstrøms broen til Årmotslia skisenter. Herfra skal det gå i lukket rørsystem opp til en planlagt bygg (ca. 30 m²) for grovsil og matepumpe som løfter vannet opp til høytrykkpumpestasjon.

Denne stasjonen skal plasseres på ca. kote 460 i eksisterende bygg ved parkeringsanlegg ovenfor riksveien. Høytrykksmålestasjonen skal løfte vannet opp, slik at en kan produsere snø opp til ca. kote 860.

Hoveddataene for prosjektet er vist i tabellen på neste side.

Bakgrunnen for vår vurdering

Konsesjonssøknaden er behandlet ut ifra hensyn til de fagfelt hvor Fylkesmannen har et særansvar og etter naturmangfoldloven sitt formål om at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geografiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, jf. § 1. Kun aktuelle konfliktområder er omtalt.

I søknaden er det foreliggende kunnskap som legges til grunn for vurdering av det biologiske mangfoldet. Det er ikke foretatt noen nye kartlegginger. Vi mener likevel at denne

dokumentasjonen gir oss godt nok grunnlag til å gjøre en vurdering av saken, slik at forvaltningsmålet for naturtyper, økosystemer og arter ivaretas så langt det er rimelig, jf. § 4-5 og § 8 i naturmangfoldloven.

Vernet vassdrag

Tiltaket berører Myrkdalselvi, som er en del av det vernede Vossavassdraget. Vassdraget er en viktig del av et variert og kontrastrikt landskap som går fra høyfjell, ned dalsider, gjennom daler og til lavland. Det er stort naturmangfold knyttet til elveløpsform, geomorfologi, botanikk, landfauna og vannfauna. I tillegg er friluftsliv viktig her. Vassdraget har også status som nasjonalt laksevassdrag.

Biologisk mangfold

Det er ikke registrert forekomster av rødlistearter eller verdifulle naturtyper i Myrkdalselvi, men rødlistearter av en rekke fugler i og ved deltaet i Myrkdalen er observert. Disse er likevel ikke avhengige av vannføringen på vinterstid, som sammenfaller med den omsøkte perioden. Basert på naturforholdene, er det mest sannsynlig liten mulighet for å finne biologiske verdier utenom det vanlige i det aktuelle området.

Fisk

Vi mener at vannuttaket, slik det søkes om, ikke vil ha store konsekvenser for innlandsørreten. Det er ikke anadrom fisk i tiltaksområdet.

Samlet belastning

Etter naturmangfoldloven skal en påvirkning av et økosystem vurderes ut fra den samlede belastning som økosystemet er eller vil bli utsatt for, jf. § 10. Etter hva foreliggende kunnskap tilsier og vår vurdering i saken, vil økosystemet i området mest sannsynlig ikke bli utsatt for annen betydelig påvirkning enn fra tiltaket. Fylkesmannen mener det planlagte vannuttaket ikke vil forringe verneverdiene nevneverdig.

Samfunnsnyttene av tiltaket

Dersom tiltaket gjennomføres, vil det sikre snømengden og sesonglengden for alpinanlegget i Voss Fjellandsby. Vi vurderer samfunnsnyttene av vannuttaket som større enn konsekvensene ved gjennomføring av tiltaket, jf. § 14 i naturmangfoldloven.

Konklusjon

Fylkesmannen mener at tiltaket kan få konsesjon. Vi understreker at verneverdiene i influensområdet må ivaretas gjennom konsesjonsvilkår. Minstevannføringen må være minst like stor som foreslått i konsesjonssøknaden.”

Statens Vegvesen Region Vest uttalte følgende i brev av 13.07.2012:

”Statens vegvesen sine interesser i alle plan- og forvaltningssaker omfattar primært etaten sitt ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet. Vår hovudmålsetting er å skapa størst mogleg trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles.

Statens vegvesen har ingen merknadar til at det vert teke vatn frå Myrkdalselvi.

Me vil minna om at dette ikkje automatisk gjev løyve til tiltak etter anna lovverk. Statens vegvesen føreset at evt bygg/anlegg vert ført opp i samsvar med gjeldande regelverk for

byggegrenser (plan- og bygningslova og veglova). Me føreset også at tilkomst til området vil skje gjennom vegsystem godkjent i gjeldande reguleringsplanar i området."

Voss Naturvernlag uttalte i e-post av 14.09.2012:

"Voss Naturvernlag stiller seg kritiske til uttak av vatn for snøproduksjon frå Myrkdalselvi, som er ein del av det varig verna Vossovassdraget. Me meiner det bør leggjast til grunn særskilt tungtvegande grunnar for eit kvart inngrep i eit verna vassdrag, og synes ikkje reint kommersielle/økonomiske interesser som snøproduksjon er god nok grunn til å gripe inn i eit verna vassdrag. Me er bekymra for at det vil verta henta ut vatn særleg i periodar der det er kaldt og lite nedbør, då dette også er betingelsene som vil vere gunstig for snøproduksjon. Dette vil også falle saman med når vassføringa er på det lågaste. Me er generelt bekymra både i denne saka og i andre konsesjonssøknader at det er utbyggjar som bestiller og betaler for Konsekvensvurdering. Vil ein då kunne stole på den vurderinga ein får? Me vonar ein vil leggje vekt på å vere restriktiv til utbyggjing i eit verna vassdrag av eit føre-var prinsipp."

NVEs vurdering

Det er søkt om konsesjon for uttak av vatn frå Myrkdalselvi for snøproduksjon i Voss Fjellandsby. Inntaket skal etablerast i Myrkdalselvi under brua til Årmotslia skianlegg.

NVE vurderer uttak av vatn samt inngrep i elva og fram til den første pumpestasjonen. Røyr gata etter denne pumpestasjonen kjem inn under allereie vedteken reguleringsplan der området er regulert til alpinføremål.

Hordaland fylkeskommune vurderer inngrepet til å vere akseptabelt og har ingen merknadar. Fylkesmannen meiner at tiltaket kan få konsesjon, men understrekar at verneverdiane i vassdraget må takast vare på gjennom konsesjonsvilkår, t.d. må minstevassføringa i elva vere tilstrekkeleg. Statens vegvesen har ingen merknadar, men viser til lovverk som plan- og bygningslova og veglova for gjennomføring av tiltaket. Voss Naturvernlag stiller seg kritiske til søknaden. Dei meiner det må vere svært gode grunnar for inngrep i verna vassdrag, og vurderer ikkje at reine økonomiske interesser oppfyller desse krava. Dei viser bekymring for at perioden for vassuttak er samanfalle med låg vassføring i elva.

Det planlagde tiltaket inneber etablering av eit enkelt inntak i Myrkdalselvi på kote 457, eit lite bygg for grovsil og matepumper på land og ein høgtrykkpumpestasjon som vert etablert i eksisterande bygg på ca. kote 460. Frå inntaket vert det etablert eit lukka røyrsystem via dei to pumpestasjonane og fram til snøleggingsareala i alpinanlegget. Desse røyra skal gravast ned. Det er ikkje snakk om å byggje noko ny veg i samband med prosjektet, men det kan verte aktuelt med noko opprusting av eksisterande veg.

Myrkdalselvi er del av Vossovassdraget som er eit varig verna vassdrag. NVE er einige med Voss Naturvernlag i at ein skal vere restriktiv med inngrep i verna vassdrag. Vi meiner likevel at etablering av eit enkelt inntak og uttak av vatn over ein avgrensa periode ikkje vil komme i konflikt med vernegrunnlaget. Her støttar vi oss også på Fylkesmannen sin uttale. Denne vurderinga føreset at det vert slept tilstrekkeleg minstevassføring i elva. Tiltaket er planlagt i eit inngrepsnært område der både veg, bustader og alpinbakkar dominerar landskapsbiletet. Inngrepa knytt til det omsøkte tiltaket vil såleis ikkje påverke urørt natur. NVE vurderer at landskapsinteresser ikkje vil bli vesentleg påverka av prosjektet.

Naturmangfaldlova (nml) legg føringar for berekraftig bruk av norsk natur og blir lagt til grunn når NVE vurderer søknaden. For å kunne oppfylle forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 om bevaring av artar og naturtypar er ein avhengig av eit godt kunnskapsgrunnlag. Dette vert det vist til i nml § 8 der det vert slått fast at offentlege avgjersler som påverkar naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg bygge på vitenskapleg kunnskap om art eller naturtype, samt effekten det aktuelle inngrepet vil ha. Dersom dette

kunnskapsgrunnlaget ikkje er tilstrekkeleg skal ein nytte føre-var-prinsippet jf. nml § 9. I samband med planlegginga av det omsøkte tiltaket har Rådgivende Biologer AS utført ei enkel konsekvensvurdering for biologisk mangfald i Myrkdalselvi. Denne er basert på eksisterande kunnskap. Med denne vurderinga, innkomne høyringsuttalar, synfaring, søk i Artskart og Naturbase (20.09.2012) og egne erfaringar, vurderer vi kunnskapsgrunnlaget jf. § 8 som tilstrekkeleg til å fatte vedtak.

Artskart viser at det er gjort ei rekkje observasjonar av fugl som er nær trua på norsk raudliste i Voss Fjellandsby. Desse er hønehauk, stare, varslar, fiskemåse, storspove, bergirisk og strandsnipe. Ut i frå levesettet til desse fuglane vurderer NVE det som lite sannsynleg at desse vil verte råka av det planlagde tiltaket. Dette er også Fylkesmannen si vurdering. Naturbase har ingen oppføringar av naturverdiar som vil verte råka av tiltaket. Rådgivende biologer vurderer konsekvensen av tiltaket som ubetydeleg for terrestrisk og akvatisk biologisk mangfald, raudlisteartar og økosystemet som heilskap. Dei viser til at uttak av vatn vil skje utanfor vekstsesongen til terrestriske organismar og at slepp av minstevassføring tilsvarende 5-persentilen vil vere tilstrekkeleg for det akvatiske livet i elva som frå før er tilpassa relativt store variasjonar i vassføring. NVE er einige i denne vurderinga og kan ikkje sjå at tiltaket skal vere til skade for naturverdiar i området.

Slik NVE ser det vil tiltaket kunne gje positive verknadar for eigarane av Voss Fjellandsby, skiturismen i bygda og for lokale brukarar av anlegget ved at ein sikrar ein stabil og lang sesong for skikøyring. Søkjar trekkjer også fram viktigheita av å kunne tilby stabile snøforhold for å kunne arrangere større nasjonale og internasjonale arrangement i anlegget.

Konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei føreliggande uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Myrkdalen Fjellheisar AS løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av vatn frå Myrkdalselvi til snøproduksjon. Løyvet blir gjeve på nærare fastsette vilkår.

Merknadar til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova:

Post 1:

- Innanfor tidsrommet 01.10 – 31.01 kan det gjerast eit vassuttak på inntil 150 l/s. Driftstida skal ikkje overstige 300 timar.
- Det skal sleppast minstevassføring lik 5- persentilvassføring for vinter, oppgjeve i søknaden til å vere 197 l/s. Det skal etablerast ei måleanordning for registrering av minstevassføring. Den tekniske løysinga for dokumentasjon av slepp av minstevassføring skal godkjennast gjennom detaljplanen. Data skal leggjast fram for NVE på førespurnad og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.
- Alle stadar der det er pålegg om minstevassføring skal det setjast opp skilt med opplysningar om dei gjeldande bestemmingane for slepp av vatn som er lett synleg for allmenta. NVE skal godkjenne merking og skilta si utforming og plassering.

Post 4:

- Detaljerte planar skal leggjast fram for NVE sitt regionkontor i Førde og godkjennast av NVE før arbeidet vert sett i gong.

Om klage og klagerett

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunkt underretninga er komen fram til partane, jf. forvaltningslova kapittel VI. Klageretten er avgrensa til partar (grunneigarar, rettshavarar og konsesjonsøklar) og andre med rettsleg klageinteresse (hovudsakleg organisasjonar som representerar berørte interesser).

Ei klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi føretrekkjer elektronisk oversending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing



Rune Flatby
avdelingsdirektør



Gry Berg
seksjonssjef

Vedlegg: Vassdragskonsesjon

Kopi: Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900 BERGEN
Voss kommune, Uttrågata 9, Boks 145, 5701 VOSS
Statens Vegvesen Region Vest, Askedalen 4, 6863 LEIKANGER

Kopi per e-post: Voss Naturvernlag guridbon@online.no